



Vil du vere natteravn under Treungenfestivalen, 2010?

Med Treungenfestivalen og marknadsdag blir det mykje liv og moro i bygda vår. Vi gleder oss både store og små til desse arrangementa.

Men, festivalen fører og med seg synleg berusa personar og bråk. Dette er vanskeleg å unngå med eit så stort arrangement.

Det er viktig å vere klar over som foreldre/føresette/vaksne

Det er viktig å vere tydeleg og sette grenser på heimebane, men og å vere synleg ute der ungdommen er.

Dette er grunnen til at vi kunne tenke oss eit samarbeid med de som foreldre/føresette/vaksne og oppfordre dykk til å vere **natteravnar**.

Som natteravn får du eit innblikk i ungdommens miljø. Som natteravn skal du vere til stades på ungdommens premisser, vere ein god lyttar og observatør og ha ein beroligande effekt på nærmiljøet (det at du er til stades er mange gonger nok til å roe ned ein situasjon).

Utgangspunktet for å vere natteravn er å bry seg om nærmiljøet sitt, men det er også å forebyggje vald og hæverk.

Natteravnens mål er å skape tryggleik for alle i lokalområdet, spesielt for ungdom som er ute om kvelden og natta. Dei skal difor vere synlege og observerande, utan å verke truande.

Vi treng natteravnar til torsdag 05.08, fredag 06.08 og laurdag 07.08. Ravninga foregår frå kl 22.00-02.00 og ein går i grupper på minimum 2 personar.

For påmelding: ring sentralbordet Nissedal kommune, 350 484 00. For meir informasjon kan du ringe Mette Nordlie på tlf: 99598135 frå 27.07 og fram til festivalen.

Med venleg helsing samarbeidspartnarane til Natteravnane

Trygge Nissedal, Treungenfestivalen, Politiet og Nissedal kommune.